

Utval: Utval for miljø og samferdsel**Tid og stad:** 10.02.2016. Clarion Hotel Admiral. Kl. 08.30 - 18.00

11.02.2016. Møterom Sunnhordland, fylkeshuset. Kl. 10.30 – 16.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	Til kl. 15.45 den 11.02.
Atle Kvåle	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	Møtte 11.02.
Per Lerøy	Medlem	A	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Gustav Bahun	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	Møtte 11.02./til kl. 15.50

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Kirsten Syljeset	Medlem	H
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	
Kjetil Hestad	Roald Kvamme	A	Møtte 10.02.
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V	Møtte 10.02.
Stein Inge Ryssdal	Kirsten Syljeset	H	
Inger Ulvund	Renate Møgster Klepsvik	Frp	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar samferdselsavdelinga
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar samferdselsavdelinga
Anne Vedvik	Seniorrådgjevar samferdselsavdelinga
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 17/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 18/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 19/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 7/16	Svar på spørsmål om sikker skuleveg og utbetring av Fv. 404 Kvamme - Kvamsbrekko - Fosse	2015/2400	
RS 8/16	Åpent brev - Konsekvenser av økt satsing på kollektivtrafikk og miljøtiltak innen sentrale områder i Bergen	2016/833	
RS 9/16	Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering - framdrift	2015/11655	
RS 10/16	Svar på spørsmål om Furubergfossen bru og Svodalstunnelen	2015/2400	
RS 11/16	Svar på spørsmål om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik	2015/2400	
RS 12/16	Skyss-linje 4 tilbake til Varden	2015/12759	
RS 13/16	Svar på spørsmål om korrespondanse ferje Våge-Halhjem og buss Halhjem-Osøyro-Bergen	2015/2400	
RS 14/16	Oversendingar til utval for miljø og samferdsel	2015/2400	
RS 15/16	Rullering av strategi for drift og vedlikehald - status for arbeid	2015/5638	
RS 16/16	Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2015	2014/13925	
RS 17/16	Konseptval E16 Bergen-Voss/Vossebanen	2015/12415	
RS 18/16	Spørsmål om endra bruk av rv. 555 Kolltveittunnelen	2015/2400	
RS 19/16	Søknad om utsett frist - iverksetjing av FOR-20141566SD	2016/149	
RS 20/16	Forlenging og oppgradering av trolleybuslinja i Bergen	2016/1081	
PS 20/16	Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019	2015/976	
PS 21/16	Endringar i rammeavtalen	2014/12426	
PS 22/16	Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016	2014/22536	
PS 23/16	Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel	2015/11957	
PS 24/16	Omklassifisering av strekning av Rv 13 utanfor Jobergstunnelen - høyring	2015/7757	
PS 25/16	Høyring - innføring av flypassasjeravgift - regionale konsekvensar	2015/12790	
PS 26/16	Bussanlegg i Sunnhordland	2014/15801	
PS 27/16	Søknad om å justere takst og rabattsystemet i Bømlopakken - uttale	2016/836	
PS 28/16	Kollektivtilbodet på Varden i Bergen	2015/11687	
PS 29/16	Evaluering av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde 2015	2015/5550	
PS 30/16	Revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde	2015/1393	
PS 31/16	Ymse		

PS 17/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 18/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Roald Kvamme (A) viste til spørsmåla sine i møtet 14.01.2016, og påpeikte at han bad om skriftleg svar også på spørsmålet om korleis Skyss kan sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS i saker som omfatta begge partar.

Vedtak

Møteprotokollen frå utval for miljø og samferdsel 14.01.2016 vart godkjend med merknaden som er nemnd over.

PS 19/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

I samband med RS 9/16 "Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering – framdrift" påpeikte **Nils Marton Aadland (H)** og **Natalie Golis (MDG)** at det hastar med å få på plass innfartsparkering også andre stader enn i Åsane, medan **Gustav Bahus (FrP)** viste til at det på slutten av førre periode vart vedteke ein tiltaksplan for innfartsparkering. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det vert arbeidd aktivt med problemstillinga, og at administrasjonen er i dialog med fleire grunneigarar. Utvalsleiaren konkluderte med at ein vil kome tilbake til problemstillinga.

I samband med RS 11/16 "Svar på spørsmål om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik" påpeikte **Nils Marton Aadland (H)** at sjølv om passasjerveksten er oppløftande, var det ingen trafikk i juli månad. Dette fordi ruta følgjer skuleåret, noko pendlarane ikkje gjer.

PS 20/16 Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Folkehelsa i Hordaland 2015» til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

PS 21/16 Endringer i rammeavtalen

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
- 2 Fylkestinget godkjenner følgjande endringer i delegasjonsreglementet:
 - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
 - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
 - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
- 3 Fylkestinget ber om at rammeavtalen blir evaluert årleg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Endra punkt 3:

~~Fylkestinget ber om at~~ Rammeavtalen blir evaluert årleg, *og lagt fram for politisk behandling.*"

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringer i delegasjonsreglementet:
 - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
 - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
 - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

PS 22/16 Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill kr. i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill. kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.
2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill. kr i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

PS 23/16 Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2016.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekt innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2016.

PS 24/16 Omklassifisering av strekning av Rv 13 utanfor Jobergstunnelen - høyring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen på Rv. 13, ikkje vert omklassifisert til kommunal veg, men får framleis status som riksveg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen på Rv. 13, ikkje vert omklassifisert til kommunal veg, men får framleis status som riksveg.

PS 25/16 Høyring - innføring av flypassasjeravgift - regionale konsekvensar

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.
2. Innføring av den nye avgifta vil kunne få store konsekvensar for Stord lufthamn, som vil kunne miste ruteavgangar som følgje av nedgang i passasjergrunnlaget, og føre til dyrare flyreiser og eit dårlegare rutetilbod. I verste fall kan Stord lufthamn og Sunnhordland oppleve å stå utan flyrute til Oslo.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Gustav Bahus (Frp) sette fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Fylkesutvalet i Hordaland ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar *og rår difor i frå at avgifta vert innført.*

Punkt 2 i fylkesrådmannen sitt forslag utgår."

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet er positiv til innføringa av flypassasjeravgifta som eit effektivt og naudsynt strakstiltak i tråd med vedtatte mål i kutt i klimagassutslepp i Klimaplanen for Hordaland og nasjonalt. Av omsyn til moglege konkurransevridande, samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar og pågåande endringar i arbeidsmarknaden for heile fylket, ber fylkesutvalet om at det blir gjennomført ein konsekvensanalyse og grundig evaluering for tiltaket."

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 1:

Fylkesutvalet i Hordaland stiller seg positiv til tiltak i flytrafikken for å redusera klimagassutsleppa. Men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ein konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført.

Fylkesutvalet meiner dei best treffande og rettferdige tiltaka bør innførast. Fylkesutvalet støttar intensjonen og innføringa av ei flypassasjeravgift, men ber om at denne og andre klimatiltak vert tilpassa og utgreidd i framtida.

Punkt 2 som fylkesrådmannen sitt forslag."

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Alternativ til både punkt 1 og 2:

Fylkesutvalet ber om at konsekvensane av innføring av flypassasjeravgift blir evaluert i ettertid."

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

"2. setning i punkt 1 blir endra: *Ei evt. innføring ...*

Punkt 2 går ut."

Aadland trekte forslaget sitt.

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H, Sp, KrF og A fram slikt forslag:

"Endring i punkt 1:

Fylkesutvalet støttar intensjonen om innføring av ei eventuell miljøavgift, men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.

Punkt 2 som fylkesrådmannen sitt forslag."

Røysting

Golis sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Angeltveit sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Bahus sitt forslag fekk 2 røyster (FrP) og fall.

Halleraker sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (SV, MDG, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet støttar intensjonen om innføring av ei eventuell miljøavgift, men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.
2. Innføring av den nye avgifta vil kunne få store konsekvensar for Stord lufthamn, som vil kunne miste ruteavgangar som følgje av nedgang i passasjergrunnlaget, og føre til dyrare flyreiser og eit

dårligare rutetilbod. I verste fall kan Stord lufthamn og Sunnhordland oppleve å stå utan flyrute til Oslo.

PS 26/16 Bussanlegg i Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill.kr.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Svein Halleraker stilte spørsmål om han var ugild fordi han er prosjektansvarleg for bussanlegget på vegner av arkitektkontoret han arbeider i. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Svein Halleraker var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Svein Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill. kr.

PS 27/16 Søknad om å justere takst og rabattsystemet i Bømlopakken - uttale

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om å endra takst- og rabattordninga for Bømlopakken slik det kjem fram av søknaden, med unntak av å endra timeregelen frå 1 time til ½ time.
2. Fylkesutvalet sluttar seg og til ynskje frå Bømlo kommune om å gjennomføra ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til søknaden om å endra takst- og rabattordninga for Bømlopakken slik det kjem fram av søknaden, med unntak av å endra timeregelen frå 1 time til ½ time.
2. Fylkesutvalet sluttar seg og til ynskje frå Bømlo kommune om å gjennomføra ei utgreiing om moglegheit for revisjon av Bømlopakken.

PS 28/16 Kollektivtilbodet på Varden i Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med at det er gjennomført dialogmøte med representantar for innbyggjarinitiativet på Varden, og at dette har gitt større klarheit i problemstillingane knytt til rutetilbodet på Vardenområdet som følgje av omlegging av linje 4.
2. Konkrete tiltak vil bli lagt fram i samband med sak om bruk av auka rammer til styrking av rutetilbodet i Bergen. Tiltak vil tidlegast bli sett i verk i samband med årleg ruteendring i august.
3. Det vert ikkje vurdert nye endringar på trasé for linje 4.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Geir Angeltveit (V) sette på vegner av V, Frp og H fram slikt forslag:

"Nytt første avsnitt:

Fylkesutvalet ber om at Skyss skal ha dialog med kommunane når det gjeld endringar av linjer, og at lokale behov må vega tungt når linjer endrast.

Fylkesutvalet ber om at annakvar rute på linje 4 må gå heilt til Varden snuplass. Fylkesutvalet ber om at Skyss skal vurdere behovet for busstrasé og ruter på ny når Varden skole vert gjenopna."

Røysting

Angeltveit sitt forslag fekk 6 røyster (V, Frp, H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er nøgd med at det er gjennomført dialogmøte med representantar for innbyggjarinitiativet på Varden, og at dette har gitt større klarheit i problemstillingane knytt til rutetilbodet på Vardenområdet som følgje av omlegging av linje 4.
2. Konkrete tiltak vil bli lagt fram i samband med sak om bruk av auka rammer til styrking av rutetilbodet i Bergen. Tiltak vil tidlegast bli sett i verk i samband med årleg ruteendring i august.
3. Det vert ikkje vurdert nye endringar på trasé for linje 4.

PS 29/16 Evaluering av drosjeverksemnda i Bergen køyreområde 2015

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner ein reduksjon på 6 % av det totale løyvetalet i Bergen køyreområdet. Reduksjonen skal skje gjennom naturleg avgang. Det nye løyvetalet i køyreområdet skal vera 705 løyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reserveløyve.
2. Fylkesutvalet ber drosjenæringa arbeida for å oppnå ein betre balanse mellom kvinner og menn både på løyvehavarsida og på sjåførsida. Ved kunngjering av ledige drosjeløyve vil løyvestyresmakta oppmoda kvinner til å søkja.
3. Fylkesutvalet ber drosjenæringa vera merksam på faren for etnisk polarisering mellom drosjesentralane.
4. Fylkesutvalet ber drosjenæringa heva kvaliteten på kjentmannsprøver og skjerpa krava i språktestane.
5. Fylkesutvalet finn det svært problematisk at Avinor gjennom etablering av Taxi Management Control System (TMCS) på Bergen lufthamn Flesland innfører eit system som kan hindra løyvehavarane i å oppretthalda køyreplikta.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Nils Marton Aadland (H) sette på vegner av H, Frp, MDG, V, KrF, Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Utval for miljø og samferdsel oppmodar fylkesordføraren til snarast ta kontakt med Avinor for å få i stand reelle drøftingar mellom Avinor og drosjeverksemnda i Bergen før TMCS eventuelt blir etablert på Bergen Lufthavn Flesland. Viser elles til saksutgreiing / innstilling i PS 29/16 i utval for miljø og samferdsel."

Natalie Golis (MDG) sette på vegner av MDG, Frp, SV, A, H, V, KrF og Sp fram slikt forslag (a):

"Endra punkt 5:

Fylkesutvalet finn det svært problematisk at Avinor innfører Taxi Management Control System (TMCS) på Bergen lufthamn Flesland. Fylkesutvalet vil med dette som bakgrunn be om at ein ikkje innfører dette systemet. Systemet vil handsama bussar, bane og drosjenæringa ulikt, noko som vil gå ut over dei reisande."

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag (b):

"Nytt punkt:

Fylkesutvalet ber drosjenæringa aktivt arbeide for å auka talet på miljøbilar i bilparken sin basert på lågutslepps- og/eller nullutsleppsteknologi, dvs. både hybrid, el-bil og bil som nyttar hydrogen."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 med Golis sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Golis sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner ein reduksjon på 6 % av det totale løyvetalet i Bergen køyreområde. Reduksjonen skal skje gjennom naturleg avgang. Det nye løyvetalet i køyreområdet skal vera 705 løyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reserveløyve.
2. Fylkesutvalet ber drosjenæringa arbeida for å oppnå ein betre balanse mellom kvinner og menn både på løyvehavarsida og på sjåførsida. Ved kunngjering av ledige drosjeløyve vil løyvestyresmakta oppmoda kvinner til å søkja.
3. Fylkesutvalet ber drosjenæringa vera merksam på faren for etnisk polarisering mellom drosjesentralane.
4. Fylkesutvalet ber drosjenæringa heva kvaliteten på kjentmannsprøver og skjerpa krava i språktestane.
5. Fylkesutvalet finn det svært problematisk at Avinor innfører Taxi Management Control System (TMCS) på Bergen lufthamn Flesland. Fylkesutvalet vil med dette som bakgrunn be om at ein ikkje innfører dette systemet. Systemet vil handsama bussar, bane og drosjenæringa ulikt, noko som vil gå ut over dei reisande.
6. Fylkesutvalet ber drosjenæringa aktivt arbeide for å auka talet på miljøbilar i bilparken sin basert på lågutslepps- og/eller nullutsleppsteknologi, dvs. både hybrid, el-bil og bil som nyttar hydrogen.

PS 30/16 Revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Det vert vist til ein varsla evalueringsrapport om drosjenæringa og utvalet ynskjer at denne vert lagt fram før det vert gjort vedtak i saka. I tillegg vil ein fylgja opp vedtak i samferdsleutvalet

den 19.08.2015 og invitera representantar frå drosjenæringa til å leggja fram sine synspunkt for utvalet. Ein ynskjer også å invitera representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Det er eit ynskje at dette vert gjort på neste møte i utval for miljø og samferdsel den 10./11. februar."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Saka var utsett i utval for miljø og samferdsel, og vart difor ikkje behandla.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp, KrF, A, MDG, Sp, og H fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak, *utan ein reduksjon frå 60 % til 50 % i maksimalt tal på tilknytta løyve i ein sentral*. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngrast i Norsk Lovtidend."

Røysting

Bahus sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (H).

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak, utan ein reduksjon frå 60 % til 50 % i maksimalt tal på tilknytta løyve i ein sentral. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngrast i Norsk Lovtidend.

PS 31/16 Ymse

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel – 10. og 11.02.2016

ONSDAG 10.02.2016

Fagseminar med orientering og drøfting av aktuelle samferdselssaker

Tema på møtet

- Innleiing med orientering om samferdselsområdet v/fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen
- Orientering om miljøområdet v/Sølve Sondbø, HFK, regionalavdelinga

Vegområdet

- Organisering innan vegområdet v/John Martin Jacobsen, HFK, samferdselsavdelinga
- Rullering av NTP og RTP – Framdrift og prosess, v/Thorbjørn Aarethun, HFK, samferdselsavdelinga
- Utfordringar på fylkesvegnettet v/avdelingsdirektør Olav Finne, Statens vegvesen
- Orientering om strekningsvise utgreiingar v/Carl Erik Nielsen, Statens vegvesen

Bymiljøavtale og Bybanen

- Orientering om arbeidet med bymiljøavtalen v/sekretariatsleiar Adelheid Nes, Bymiljøpakke Bergen
- Planar for vidare utbygging av Bybanen v/Solveig Mathiesen, Bergen kommune

Kollektivtrafikk

- Kollektivstrategien – satsingsområda og utfordringar v/Skyss
- Planprosessar på riksvegnettet v/Kjell Kvåle, Statens vegvesen
 - E 16 Arna-Voss-Gudvangen
 - KVV Voss-Gol (Aust-Vest utgreiing)
 - Utviklingsstrategien for E 39

TORSDAG 11.02.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 20-30/16.

DIALOGMØTE

Dialogmøte med drosjenæringa i Bergen køyreområde

Sentralane, Norges Taxiforbund avdeling Bergen og avdeling Hordaland og Norsk transportarbeiderforbund var inviterte til å ta opp aktuelle saker for næringa.

<u>Følgjande deltok frå drosjenæringa</u>	<u>Tok ordet i møtet</u>
Bergen Taxi	Jan Valeur
Norgestaxi Bergen	Roar Refseth
Taxi 1	Robert Aasmul
Christiania Taxi	Hasnat Ahmad
A-Taxi	Irmelin Fortun
Norges Taxiforbund Bergen	Arve Halvorsen
Norges Taxiforbund Hordaland	Berit Jacobsen
Vestnorsk transportarbeiderforbund	Roger Moum
Bryggen Taxi	

YMSE

Gustav Bahus (Frp) bad om at administrasjonen sender spørsmål som er innsende på førehand til alle medlemene i utvalet til orientering.

INSENDE SPØRSMÅL

Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

"Det er nokre meter "gamal veg" som vert nytta som gang og sykkelveg (egentleg eit stort barnetrokk) som det ikkje er semje om kven som eig. Inn mot Rubbestadneset på Bømlø 541 (på Bømlø) er det ein ny tunell, og den er så kort at folk får beskjed om at man kan både gå og sykle gjennom.

Folk kjenner seg ikkje trygge nok til det og nyttar difor "gamal veg" rundt Storesvingen til sykkel og gange. Det vert derfor spelt inn behov for lys på dette strekket "storesvingen2. Utfordinga er at ein ikkje kan sei kva status vegen har. Det kan vere nærliggande å tru at den høyrer til 541 og er derfor sykkel og gange til den. Dette er eit tiltak som mange ynskjer å gjere noko med, og eit særst godt trafikksikringstiltak.

Korleis få avklart dette? Og deretter får veglys på dette strekket som vert nytta av mange både store og små."

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Geir Angeltveit (V) hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

"Spørsmålet mitt går på kva planar Skyss og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen har framover for å sikra at det er tilgjengelege kollektivtilbod i fylket for å tryggja reell valmogelegheit for elevane, særskild framover i høve strukturendringar i linjene ved skulane.

Bakgrunn og eksempel:

Når fylket legg opp til å samle ein del studieretningar på færre skular i åra framover, vil det krevje at transporttilbodet vert lagt til rette på ein måte som gjer det mogleg for elevane å reise dit dei vil på ein enkel og rask måte. Både skule- og kollektivtilbodet må tilpassast Bergensregionen sine behov nettopp som ein region, der desse tilboda heng saman og støttar opp om kvarandre. Med utgangspunkt i dette meiner me at ein må ha fokus på å gjere det lett for elevar å reise på tvers av kommunegrensar for å søkje det studietilbodet dei ønskjer. For Osterøy vgs betyr det konkret at det må finnast ein buss som kan hente og bringe elevar frå Arna, og køyre dei via Arnanipatunnelen og Tirsåstunnelen til Lonevåg på Osterøy. Dette vil gjere at fleire av Hordalandselevane kan nyte godt av eit framtidsretta og spennande tilbod ved Osterøy VGS.

Ved Osterøy vidaregåande skule har Hordaland fylkeskommune studietilbod som ein ikkje finn så mange andre stader. Skulen tilbyr mellom anna elektrofag, teknikk og industriell produksjon, i tillegg til design og handverk, helsefag og vanleg studieførebuande fag. Tilbodet ved skulen er blitt omtalt som nyskapande, og viser at robotar ikkje lenger berre er science fiction. Skulen har eit godt samarbeid med det lokale næringslivet, og dette har resultert i eit kompetansesenter for CNC og robot. I prosjektet «Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland», støtta av Innovasjon Norge, skal Osterøy vidaregåande skule utvikle etter- og vidareutdanningstilbod.

Spisskompetansen og studietilbodet ved Osterøy VGS er sjølvstøtt interessant for elevar frå andre kommunar enn berre Osterøy. Det må vere viktig for Hordaland fylkeskommune å jobba for at ein større del av Bergensregionen kan nytte seg av dette gode tilbodet. Dessverre er busstilbodet til og frå skulen lite tilrettelagt for nettopp dette, og mange ungdommar kjenner seg hindra frå å søke skuleplass ved Osterøy VGS fordi tilbodet om skuleskyss ikkje er godt nok. Skulen har i dag fleire elevar frå Samnanger, Vaksdal og Arna. Dei reiser no først til Arna, og har deretter tilbod om buss som tek om lag ein time frå Arna til Lonevåg på Osterøy – ein tur som normalt tek 20 minutt. Rutebussen dei må følgje unngår tunnelane, og går rundt heile Garnes og langs den smale og rasfarlege gamlevegen frå Osterøybrua til Haus. Det vert meldt at bussen er som oftast heilt full – ofte med ståplassar.

Situasjonen er opplevd å vere så vanskeleg at lærarar ved skulen sjølv har henta elevar i Arna. Elevrådet har freista å løfte fram saka, og skulen har meldt sine behov til Skyss, utan at dette har ført til tiltak. Dei tiltaka bør no koma."

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Linje 15

Då dette er ei rute det er verd å sjå nærare på, så ber eg om at administrasjonen ser på denne saka og gjerne kjem med ei vurdering på fordelar og ulemper ved å forlengje denne linja 15 til Fjøsanger."

Marthe Hammer (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

"Bussrute 15 Bønes og bygging av snuplass

Underteikna og fleire er kontakta av tidlegare bydelsstyremedlemmar (Gunnar Ramsdal (Ap), Tor-Egon Mikkelsen, (Krf), Bjørg Ness (Frp) og Grete Monsen (SV) i Fyllingsdalen og Bønes bydelsstyre med spørsmål om bussrute 15 og tilhøyrande bygging av ei rundkjøring/snuplass.

Bakgrunn

Dei skriv følgjande:

"Høsten 2011 la Skyss om bussrute 15 Bønes, som til da hadde gått i sirkelruter mellom sentrum og Bønes – en rute gjennom Fyllingsdalen og en rute over Danmarks plass. Den nye ruten kjører gjennom Fyllingsdalen begge veier med snuplass på Kråkenes; i krysset Øvre Kråkenes – Bergveien.

Det er både krevende og trafikkfarlig å snu bussen i krysset. Det har medført at bussene har kjørt tomme ned til Fjøsanger og snudd i rundkjøringen ved Rema 1000 før de returnerte til Kråkenes for å påbegynne ruten. En strekning på 1,3 km hver vei. Kjøretiden ned til Fjøsanger og tilbake til Kråkenes er under 5 minutter. Det kunne tidligere være utfordrende å komme seg ned til Fjøsanger pga ofte stor trafikk på Straumeveien, men etter at det i 2012 kom nytt lyskryss som «leser» trafikken er ikke dette lenger noe problem. Denne ekstraturen til Fjøsanger har ikke ført til forsinkelser i ruteavgangene fra Kråkenes. Bussene har kjørt denne strekningen mellom Kråkenes og Fjøsanger tomme i over 4 – fire – år. Reisende som har bedt om å få sitte på fra Kråkenes ned til Fjøsanger eller opp igjen, er blitt avvist.

Statens vegvesen har for flere år siden igangsatt en prosess for å etablere en rundkjøring i krysset Øvre Kråkenes – Bergveien 1). Det innebærer ekspropriasjon av deler privat eiendom. Dette har forsinket arbeidet. Planlegger ved vegkontoret har anslått kostnadene ved etableringen av rundkjøringen til 12,3 MNOK med tillegg av kostnader til grunnerverv (epost 19.05.14). Planlegger ved BKK anslår kostnadene med å flytte kablene i grunnen til ca 1 MNOK.

Vi (tidligere bydelsstyremedlemmar) kan også legge til at tidligere sjef ved Politiet i Bergen sin planavdeling; Jan Petter Selle har opplyst at han i samtale med Skyss anbefalte å forlenge ruten til Fjøsanger.

Ved å forlenge bussrute 15 til fra Kråkenes til Fjøsanger ville trafikantene lettere kunne nå Flybussen, Kystbussen, busser til Fana og nordover mot Bergen. De ville kunne nå lege og fysioterapeut på Fjøsanger og handle på de to butikkene. Og ikke minst; fylket kunne spare over 12 MNOK ved å ikke etablere rundkjøringen,

Vi har merket oss at det nye Fylkestinget tenker "kollektivt" og fra nyttår har økt antall bussavganger. Vi håper at dere som fylkespolitikere også vil ta et initiativ til at buss nr 15 forlenges til Fjøsanger. Det vil gi et vesentlig bedre busstilbud på Bønes og Kråkenes og invitere flere til å bruke bussen. Det ville også inngi respekt at politikerne stopper unødvendige prosjekter og sparer minst 12 MNOK, som bedre kan brukes på andre trafikksikringstiltak.

Å forlenge bussrute nr 15 til Fjøsanger er det eneste fornuftige i denne saken. Å etablere rundkjøring for å opprettholde snuplassen på Kråkenes fremstår for oss som kortsiktig, unødvendig og misbruk av offentlige midler. Vi håper at dere deler vårt syn og raskt tar de nødvendige initiativ før arbeidet påbegynnes. Ved behov for mer informasjon; vennligst ta kontakt.

1) http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak%5C2013%5C2013%5C2013121591-3858532.pdf."

Denne rundkjøringa var omtalt i Kollektivstrategien (side 15, punkt 4.8) (handsama 2015), kor det vart vist til utbetring/etablering av snuplass for linje 15 ved Bergveien/Øvre Kråkenes. Dette inneber å etablere ein eigen endeplass og snuplass for ei einaste linje, linje 15.

Notat frå Bergen kommune om behovet for denne etableringa viser til at det ved ruteomlegginga vart eit betra rutetilbod for Øvre Kråkenes/Bønes. Det er riktig at det vart betra linje mot Haukeland Universitetssjukehus og til Oasen. Det er bra. Men i den gamle traseen for linje 15 mellom Bønes - Fjøsanger og Bystasjonen - sentrum så er det no berre eit rushtidstilbod. For dei som jobbar og har aktivitetar på ettermiddags- og kveldstid, samt helg langs Fjøsanger, Danmarksplass og Bystasjonen vart det eit dårlegare tilbod.

Eg har den djupaste respekt for behovet for reguleringstid for yrkessjåførar og for at det er behov for ordna forhold for stopp, pause og tilgang til hygieniske fasilitetar. I den samanheng ønskjer eg å få tilbakemelding på følgjande:

Spørsmål:

- Er det nokre planar om eit betre kollektivtilbod mellom Bønes - Fjøsanger - Danmarksplass og Bystasjonen, til dømes å forlenge bussrute 15 til Krambua?
- Snuplassen ved Bergveien/Øvre Kråkenes vert no, slik det ligg an i Kollektivstrategien, etablert for ei einaste linje. Ved ei eventuell endring av denne linja vil heile etableringa av

snu-plassen/ende-plassen vere bortkasta. Korleis er dette vektlagt i vurderinga av behovet for denne ende/snu-plassen?

- Er det noko muligheit for å sjå på andre muligheiter for endestopp for linje 15, til dømes Krambua? Og er det muligheit for at dette kan utviklast til eit aktuelt endestopp med nødvendige fasilitetar i samband med reguleringstid?"

Fylkesdirektør samferdsel hadde utarbeidd slikt svar på spørsmåla frå Byrknes og Hammer:

"I omleggingen av linjenett i Bergen i 2011 ble også busstilbudet på Bønes lagt om. Ny linje 15 skulle betjene hele Øvre Kråkenes, Bønes og Fyllingsdalen på vei til sentrum. Linje 25 skulle betjene tverrgående reiser mellom Bønes og Oasen og mellom Bønes og Haukeland sjukehus via Wergeland. I tillegg til dette ble det opprettet en egen linje 14 for å gi arbeidsreisende i Bønesområdet en direkteisemulighet til/fra Danmarks plass og Busstasjonen i rushperiodene.

Det har vært arbeidet med etablering av en endeholdeplass i tilknytning til holdeplassen Bergveien på Øvre Kråkenes. Dette har tatt lang tid, men tiltaket er nå på Bergensprogrammets byggeprogram for 2016, som vedtatt i fylkestinget desember 2015.

Skyss betaler indirekte for tomkjøringen (kjøring utenom rute mellom Øvre Kråkenes og Fjøsanger for å snu) gjennom godtgjørelsen til operatør (Tide Buss AS). I anbudsutlysningen ble det presisert at det arbeides for en snuplass, men at operatør må regne inn tomkjøring til/fra Fjøsanger i sine kostnader. Reduksjon av tomkjøringen vil dermed ikke medføre en besparelse for Skyss.

Forbindelsen mellom Øvre Kråkenes og Fjøsanger er betjent av to linjer i dag: 14 og 25. Dette gir fem avganger per time i morgenrushet, og fire i ettermiddagsrushet, utenom rushperiodene er det en-to avganger per time. Siden strekningen er betjent av to linjer med et rimelig tilbud, er passasjergrunnlaget for forlenging av linje 15 til Fjøsanger vurdert å være for lite i forhold til kostnadene med dette.

Å forlenge linje 15 til Fjøsanger vil ha en ekstra kostnad for Skyss på omkring 2,5 mill. kr. pr år, og vil kunne utløse behov for flere busser i rutepakken. I Skyss er dette vurdert slik at passasjerene på denne strekningen allerede har et tilbud, og har ment at tilgjengelige midler kan komme flere til nytte andre steder.

Det er i dag ingen endeholdeplassfasiliteter eller oppstillingsplasser for buss på Fjøsanger. Rundkjøringen gir mulighet for å snu, og det er en busslomme som også brukes av andre linjer. Skulle man starte linje 15 fra holdeplassen etter rundkjøringen, ville byttemuligheten til andre linjer på Fjøsanger også bli dårlig.

På Fjøsanger er det ikke mulig å etablere snuplass uten en reguleringsplanprosess. På grunn av langsiktige planer som innbefatter Fjøsangerkrysset, (som planene om ringveg øst) er det grunn til å tro at det med en slik prosess vil ta betydelig tid før en endeholdeplass står klar.

Endeholdeplassen er pr i dag tenkt brukt for linje 15. Mange andre mulige linjenett er vurdert av Skyss, men vi vurderer det slik at en endeholdeplass på Øvre Kråkenes vil være gunstig i de fleste alternative rutetilbud. Med en endeholdeplass her kan hele området (Øvre Kråkenes, Bønes og Fyllingsdalen) betjenes av én linje, noe som vil gi beboerne på strekningen høyest mulig frekvens på linjen, samtidig som det er driftsmessig effektivt. Løsningen er derfor ikke så «snever» som det kan oppfattes som.

Det er også grunn til å sette denne problemstillingen inn i en større kontekst i Bergen. For å nå de ambisiøse målene for kollektivtrafikken i byområdet er det kritisk å få etablert infrastruktur og avsatt areal for effektiv drift av busstrafikken.

Mange busslinjer begynner ute i bydelene og ender sentralt i Bergen. Presset på arealer for kollektivtrafikken i sentrum er stort, det er kapasitetsproblemer på holdeplasser og svært begrensede muligheter for regulering (pause mellom avganger for å ta igjen forsinkelser). Det er derfor et økende behov for å ta en større del av reguleringstiden ute i bydelene, og mindre i sentrum. Dette fører til behov for etablering av slike fasiliteter i bydelene.

Etter vedtak om økte budsjetttrammer for bussdrift i Bergen i fylkestinget i desember, utarbeides nå tiltak for iverksettelse med årlig ruteendring i august. Flere avganger på linje 25 vil bli vurdert i denne sammenhengen."

Marthe Hammer (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

"Evaluering og resultat av køprising

Første februar vart tidsdifferensierte bompengar/køprising innført i Bergen. Den første veka har det vore mykje merksemd på resultatata av dette. Det er viktig at innføringa av ein slikt nytt tiltak vert følgt opp med ei god kontinuerleg vurdering og evaluering av resultat og effekt.

Spørsmål:

- På kva måte vert innføringa evaluert?
- Når kan utvalet få presentert dei første samla resultatata av innføringa?"

Fylkesdirektør samferdsel hadde utarbeidd slikt svar:

"Hovudmålet med tidsdifferensieringa er å redusera trafikken i periodar med tettast trafikk og dei største køproblema. Det er også lagt til grunn for vedtaka i fylkestinget og bystyret at dagens inntektsnivå vert oppretthalde. Førebelse trafikketal syner 15-20 % redusert trafikk i bomsnitta i rushtida og ein nedgang totalt over døgnet på 4-7 % for enkelte dagar samanlikna med dagar i veka før innføringa. Men det er altfor tidleg å seia noko om dette er ei varig endring. Etter 1-3 månadar vil ein få betre indikasjonar på kva takstendringa har å seia for trafikketal og inntekter.

Fylkestinget og Bystyret har vedteke at ordninga med tidsdifferensierte bompenger skal evaluerast etter eit år. I St.propp.1 (2015-2016) legg Samferdselsdepartementet opp til at ordninga skal evaluerast etter to år:

"Departementet legger til grunn at det skal gjøres en evaluering etter to år med tidsdifferensiering av takstsystemet av konsekvenser og virkninger av ordningen. Evalueringen vil skje innenfor styringen av Bergensprogrammet, og i regi av lokale myndigheter og Statens vegvesen. Det er en forutsetning at bompengene etter innføring av tidsdifferensierte takster er tilstrekkelige til å ivareta bom-pengeselskapet sitt økonomiske ansvar. Dersom innføringen gir svakere økonomi enn lagt til grunn, vil forslag til reviderte takster bli lagt fram for lokale myndigheter før Statens vegvesen Vegdirektoratet fatter nytt takstvedtak."

Fylkesrådmannen vil i samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen utarbeida eit opplegg for evaluering av ordninga. Det er aktuelt å sjå på passering- og inntektsdata frå bomringen herunder elbilpasseringar, trafikkindeksen for Bergen og utviklinga i talet på kollektivreisande. Det kan også vera aktuelt å bruka spørsmål frå befolkningsundersøkinga i køprisingsutgreiinga frå 2009 i ei ny opinionsundersøking for å sjå om det er endringar i folk sitt syn på tidsdifferensierte bompengar."

SPØRSMÅL I MØTET

Natalie Golis (MDG) spurde om kva som er status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.